Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7 — Fylke: Nord-Trøndelag.

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Grong.

Emne: Skar. — Bygdelag: Namdalen

Oppskr. av: Martin Bjerkem. — Gard: Bjerkem.

(adresse): Øyheim — G.nr. 2. Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Skar vart mykkje nytta her i bygda når det var forknipa um våren men det var dei som brukte skar um dei hadde nokk høy då dei trudde at det var mykkje kraft i skaret so ein ved å bruka det fekk fitare mjølk med meir rømi. Det var mest rogn um skar då rognen var rekna som den beste skar-skog. Osp kunde og bli brukt til skar men det var mindre av osp i bygda og ho vart vist ogso rekna kleinare. Nokko um um skaret høyrde eg aldrig nemnt. Det var mest mjølke-kyr som fekk skaret men var det forknipt fekk ogso ungnauta skar for at dei skulde få merg i beina. Heile buskapen var glad i skar. Når ein skulde henta heim skar sa ein at ein måtte åt skarskogen. Ordet marka eller å marka kjenner ein ikkje her. Skarveden henta ein heim um vinteren når ein trong skar. Det var alltid karane som hugde og køyrde heim skarveden og nokko

955

hardare arbeid enn anna skogsarbeid
var ikkje dette rekna for. Trein reiste
fastande og bles ikkje langfiedag
etter skav. Når skavveden var köyrd
heim vart han kappa som almindelig
ved og var det digre lompar vart dei klöyvd.
Kristen braut ein gjenn av og det vart
kalla brom. Med skavinga heldt ein
gjenn til i sommarstia der det var
omn og ein brukte ikkje anna verktöi
enn tollekniven. Nokko spesialinnret-
ning til skavning såg eg aldrig.

Veden etter skavinga vart kalla
skjevil og vart mykkje brukt når
dei steikte „kleiningsbrö" i bakaromnen.
Var det diger bork so skar dei ikkje
heilt inn til veden med ein gong.
Då skar dei skavet tunnare som
var det finare bork skar dei rett inn
til veden med ein gong. Det vart
ikkje brukt å skava nokko av veden
ilag med borken.

Skav vart no ikkje brukt på dei
flatare bygder men i fjellbygdene
der dei brukar fjellhöy - myrhöy -
skar dei enda ein del og blandar
med foret for å gi det meir kraft.


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING